

Dispensasjonssøknad

utkast

Hjelmåsen as / Helleåsen bustadområde og **Apalen Sør as** / Apalen Sør bustadområde søker om varig dispensasjon frå vedtak om likelydande rekkefølgekrav gitt i reguleringsplanane for dei to bustadområda.

Vårt forslag til vedtak:

Hjelmåsen as og Apalen sør as får varig dispensasjon frå det opprinnelege rekkefølgekravet om trafikksikring.

Innflyttingsløyve ut over 8 bueiningar i kvart av feltet kan gjevast straks Hjelmåsen as og Apalen Sør as har stilt bankgarantiar for totalt kr 4.500.000 til trafikksikring av strekninga Apalen kapell – kryss Hillesvåg.

Midlane skal fullt ut nyttast til trafikksikring gjennom tekniske løysingar som vert bestemt og gjennomført av Lindås Kommune på eit seinare tidspunkt.

Sidan opprinneleg vedtak vart gjort, har det vore leita etter finansiérløysingar. I mellomtida har ulykka vore ute.



Moteulykke på den aktuelle strekninga i 2014.

Fordelar med dispensasjonen

- Finansiering vert skaffa til gjennomføring av trafikksikringstiltak
- Sysselsetjing av ca. 60 årsverk, og Skatteinntekter til Lindås Kommune
- Utvikling av Hjelmåsbygda

Ulemper med dispensasjonen

- Årsdøgntrafikk (ÅDT) aukar frå dagens registrerte nivå på ÅDT 300, til ca. ÅDT 400

Alternativ til dispensasjonen

- Ingen trafikksikring av denne strekninga på mange år, ut frå mangel på offentlege midlar



xx.xx.2018

Geir Styve
Hjelmåsen as, styreleiar

Magnar Tangen
Apalen Sør as, styreleiar

FAKTABOKS

Avstand til skule er 2.5 km
Strekninga (ÅDT 300) er ca. 650 meter
Midlane i avtalen utgjer ca. 75.000 pr. bueining og ca. 7.000 kr pr. meter veg.
Andre, samanliknande strekningar i området, sikra av Fylke/Stat:
Nærområdet ved Leiknes skule (ÅDT 750) er sikra med berre fartshumpar. Det same er skuleveg (ÅDT1.500) med umiddelbar nærleik til Eikanger Skule. Begge strekkjer er av same kvalitet som Apalen-Hillesvåg.